



Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2010

med vedlegg om høringsfråsegner og møter m.v.

Skei onsdag 9. mars

1. Innleiing

KVA OG KVEN ER FNF?

FNF er eit forum for natur- og friluftorganisasjonane i fylket med kontoradresse Sognefjordvegen 40 i Leikanger Næringshage.

ARBEIDSOPPGÅVER

- Vere ein nettverksbyggjar mellom organisasjonane.
- Oppmuntre til samarbeid på tvers av organisasjonane i samband med kurs, skulering og arrangement.
- Fokus på friluftsliv for alle og folkehelsearbeid.
- Kontinuerleg oppfølging av rullering av arealplanane og andre aktuelle planar i kommunane og fylkeskommunen. Gje organisasjonane varsel om rullering og utarbeide kortfatta informasjon om korleis dei skal gå fram og kva dei skal sjå etter. Passe på tidsfristar og varsle lag/organisasjonar.
- Vere ein pådrivar til at organisasjonane blir varsla om planarbeid og høyringar og oppfordre til samarbeid i samband med utsegner.
- Få organisasjonane til å rette merksemd på område som naturlandskap, vindkraft, vasskraft, kraftlinjer, vegbygging, utbygging av våtmarker, miljøreining, Naturmangfaldslova og Plan- og bygningslova.
- Halde årsmøte og fellesmøte for organisasjonane.
- Vere ein bindelekk mellom fylkesmannen/fylkeskommunen og organisasjonane.
- Gjere FNF kjent blant kommunane i Sogn og Fjordane.
- Arbeide for å få oppretta friluftsråd i Sogn og Fjordane.
- Verne om allemannsretten.
- Vere observant på motorisert ferdsel.
- Vere med å ta vare på strand- og kystsona.
- Påverke ved kommune- og fylkestingvalet.
- Oppfordre kommunane til kartlegging av stiar og snøggveggar i nærområda.
- Arbeide for merking av stiar og snøggveggar i nærområda og skilting av turløyper
- Arbeide for å få stilling i FNF-systemet til å utarbeide illustrasjonar av planlagte anlegg.
- FNF kan skriva høyringsfråsegner på vegne av dei organisasjonane som i kvart tilfelle gir si tilslutning til dette.

UTVIKLING, RESULTAT OG UTFORDRINGAR

God utvikling med auka stillingsprosent – 2 tilsette i deltidstillingar - god aktivitet og lyse framtidsutsikter. Ordna økonomi og nye prosjekt som FNF deltek i. Viktigaste utfordringa er å sikre kompetanse og stabilitet for å få utvikle samarbeid med organisasjonane og støttefunksjonar vidare.

2. Saker

VIKTIGASTE SAKER

Tilsetjing av medarbeidar for koordinator i 50% stilling har opna for at FNF har kapasitet og kompetanse til også å skriva høyringsfråsegner eller hjelpa organisasjonane med å gjera dette. Medarbeidar hadde 60% stilling frå 1.9 og ut året. Dette er eit stort framskritt. Det har difor vorte lagt ned mykje innsats i å levera fråsegner til dei regionale planane om vind- og vasskraft-utbygging i fylket.

Tilskot frå Sparebanken Sogn og Fjordane til kjøp av 8 A-jollar er ei plussak som mange vil få glede av i åra framover.

Koordinator har delteke i **løypemerkingsprosjektet** som Gjensidige no har løyvt 10 mill. kroner til over 2 år gir eit ekstra tilskot både i merkingssamanheng, men også økonomisk for FNF. Det set oss i stand til å kunne utvida stillingsprosenten utover 100% frå 2011. Noko som vil virka stabiliserande på dei tilsette.

HØYRINGSFRÅSEGNER

FNF har levert 4 fråsegner i 2010.

FNF har gitt tilskot som er tildelt frå Frifo og fylkeskommunen, slik at representantar frå organisasjonane har hatt mogelegheit til å delta på faglege samlingar/seminar og synfaringar.

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernutvalet, 32 fråsegner i 2010.

Naturvernforbundet har levert 8 fråsegner i 2010.

Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane har skrive fleire uttalar vedr. kraftutbygging, oppdrett og kommuneplanar.

Kystlaget Hornelen har levert 1 fråsegn i 2010.

MØTER

Dato	Møte	Deltakarar
mars	Lunsjmøte Svein Arne Hoff.	Marino Ask og Einar Skram Husabø
20.3	Årsmøte Naturvernforbundet, Kaupanger	Einar Skram Husabø

REPRESENTASJON

Seminar/representasjon/synfaringar

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
1.-2.2	Frifo, kurs i PBL på Gardermoen	Einar Skram Husabø, Alvar Melvær, Reidun Solberg Seim og Haakon Breien
4.-5.2	Reiselivskonferanse Fjordane under breen, Balestrand	Astrid Kalstveit og Marino Ask
24.3	Kurs om smoltøkologi, Trondheim	Svein Arne Forfod
8.4	Vindkraft og landskap, Sogndal	Marino Ask
11.-12.5	Konferanse om fysisk aktivitet	Einar Skram Husabø
1.-2.6	Kurs i Naturmangfaldslova, Førde	Alvar Melvær, Marino Ask og Einar S. Husabø
1.7	Vindkraftmøte Solund	Marino Ask
30.8	Folkemøte om rutilutvinning, Naustdal	Elisabeth Dahle
1.9	Vindkraftkonferanse Førde	Marino Ask
2.-3.9	Frifo, FNF samling, Drammen	Elisabeth Dahle og Einar Skram Husabø
Sept.	Konferanse om vatn, Trondheim	Elisabeth Dahle
20.10	Ope møte med OED-minister, Førde	Marino Ask, Astrid Kalstveit
24.-25.11	Frifo Oslo. Forsking i friluft	Astrid Kalstveit
27.9	Synfaring Bergsetelvi, Turtagrø (kraftutbygging)	Elisabeth Dahle
9.11	Folkemøte vindkraft, Solund	Marino Ask
16.11	Vindkraftsamling for FNF i Trondheim	Einar Skram Husabø
17.-18.11	Seminar om forvaltningsreforma – friluftsliv	Einar Skram Husabø
7.-8.12	Folkehelsedagane, Førde	Astrid Kalstveit
10.12	Styringsgruppa for Regional ressurscenter friluftsliv, Sandane	Einar Skram Husabø

Løypemerking på Vestlandet

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
31.8	Bergen, oppstart og avtale om å søka midlar hjå Gjensidigestiftinga	Einar Skram Husabø
22.9	Gardermoen, diverse søknadsarbeid	Einar Skram Husabø
17.12	Bergen, diverser avtalar	Einar Skram Husabø

		Einar Skram Husabø
--	--	--------------------

Styrings- og referansegrupper

Vindkraft	SFFK, fylkesdelplan	SFT, Alvar Melvær – NJFF, Svein Arne Forfod – Naturvernforbundet, Jon Farestveit
Småkraftverk	SFFK, fylkesdelplan	SFT, Alvar Melvær – NJFF, Svein Arne Forfod – Naturvernforbundet, Jon Farestveit
Ressurscenter	Firda VGS, Sandane	Einar Skram Husabø
Villrein	Regional plan for Nordfjella villreinområde	Jørgen Bruheim
Landskapsvern	Stølsheimen landskapsvernområde	Jon Farestveit
Landskapsvern	Fylkesmannen, Ålfotbreen landskapsvernområde, forvaltningsplan	SFT Alvar Melvær, Hans Christian Hansen
Vassregion	Referansegruppe	NJFF, Svein Arne Forfod – FNF, Elisabeth Dahle, Naturvernforbundet, Jon Farestveit

INFORMASJON

FNF Sogn og Fjordane har 28 treffpunkt på Opoint si medieoversikt 2010.

Me hadde informasjonsstand til alle kommunane på ei samling om Naturmangfaldslova i Førde i juni. Her hadde me også taletid for å orientera om FNF.

ARRANGEMENT

FNF har i året arrangert årsmøte, fellesmøte og hatt fellesannonsering for Friluftslivets veke.

3. Organisatorisk

TILSLUTNINGSERKLÆRINGAR

Desse organisasjonane har signert erklæring:

- 4H Sogn og Fjordane
- Kystlaget Hornelen
- Sogn og Fjordane Turlag
- NJFF Sogn og Fjordane
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Norges Speiderforbund Sogn og Fjordane

ARBEIDSUTVAL

På årsmøtet 10.3.2010 vart dette arbeidsutvalet (med varamedlemar) oppnemnd av organisasjonane:

Åge Avedal/Kamilla Eirin Aamot – 4H

Per Norstein/ Øyvind Hopland – Jeger- og Fiskeforbund

Marino Ask/Britt Småvik – Sogn og Fjordane Turlag,

Haakon Breien/Hans Christian Hanssn – Naturvernforbundet

Svein Ove Ask – for Kystlaga (vart utpeika seinare på året)

Per Norstein vart utpeika til leiar på eit seinare møte i AU.

Arbeidsutvalet har hatt 5 møte, samt jobba med bruk av e-mail og telefon.

ADMINISTRASJON

Einar Skram Husabø har vore tilsett som FNF-koordinator i 50% stilling heile året.

Elisabeth Dahle vart tilsett som medarbeidar i 50% stilling frå 1.8 og i 60% frå 1.9 og ut året.

Noregs Jeger- og Fiskeforbund Sogn og Fjordane har arbeidsgivaransvaret.

ÅRSMØTE

Årsmøtet vart halde 10.03.10 på Skei Hotell og 11 deltakarar møtte.

Sogn og Fjordane Turlag 1 deltakar.

Sogn og Fjordane Jeger og Fiskerforbund 2 deltakar.

Naturvernforbundet 3 deltakar.

4H 2 deltakar.

FNF kontakt.

Orienteringskrinsen 1 deltakar.

Fylkeskommunen 1 deltakar (Joar Helgheim).

Referat er sendt ut og ligg også på nettsida.

FELLESMØTE

Sogndal 12.-13.10.2010 med totalt 23 deltakarar og gjester.

Naturvernforbundet 4 deltakar.

Sogn og Fjordane Turlag 5 deltakarar.

NJFF Sogn og Fjordane 3 deltakar.

Forbundet Kysten 1 deltakarar.

Padleklubbar 2 deltakarar

Norges Speiderforbund 1 deltakar.

Vestlandsforskning 1 deltakar: Carlo Aall

Nordfjord Folkehøgskule 1 deltakar: Martin Larsen

Fylkeskommunen, kulturavdelinga: Joar Helgheim

FNF 2 deltakarar.

Tema:

Fører klimatiltak til miljøydelegging? Carlo Aall

Småkraftutbygging i lys av Regional plan for vasskraftutbygging. Jon Farestveit

Kva skal til for å få ungdom i dag til friluftsliv? Martin Larsen

Minikurs i skriving av høyringsfråsegner. Alvar Melvær

Høyringsfråsegner frå FNF – orientering.

Kva oppgåver skal fylkeskommunen prioritera i arbeidet med friluftsliv, vilt og fisk? Joar Helgheim

Arbeidsplan og budsjett FNF 2011.01.10

FNF-jollane.

Idédugnad.

Referat er sendt til organisasjonane.

Referatet saman med innlegg er lagt ut på nettsida

4. Økonomi

Frifo og Sogn og Fjordane fylkeskommune gir tilskot til drifta av FNF. Auka tilskot frå Frifo gjorde at me kunne tilsetja medarbeidar i 50% stilling frå 1. august. I tillegg har me i 2010 fått 200.000 i prosjektmidlar frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Økonomien i organisasjonen er ordna og god.

TILSKOT – 2010

	Tilskot	Type
Sogn og Fjordane Fylkeskommune - kulturmidlar	10 000	Drift
Sogn og Fjordane Fylkeskommune – LA-21 midlar	35 000	Aktivitet
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	110 000	Drift
Frifo – driftsstøtte	550 169	Drift
Frifo – vindkraft og vasskraft	31 000	Aktivitet
Frifo Friluftslivets veke	22 000	Aktivitet
Sparebanken i Sogn og Fjordane	200 000	FNF-jollane
Sum tilskot	958 169	

Leikanger, 15. mars 2011

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Einar Skram Husabø
koordinator